

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 39

Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Uvdal og hele Numedal

Emne: Høgtidsmat ved
Familiefester

Bygdelag:

Oppskr. av: Anna Samuelsen

Gard: Skogheim

(adresse): Uvdal i Numedal

G.nr. 61 Br.nr. 22.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga røinsle og delvis andre.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1.

Kjeringan i grannelaget kom altid med sending te barselskona. Slegtninger som budde nere kom, men sjella laangfarande slektinga. Ikkje veninner hvis dei ikkje budde i grannelagetaa var gifte.

2.

Kjeringan kom alleine, ikkje i følje.

3.

Det var ingen inbyrdes avtale om haa dei skulde ha med seg nesten te dags dato var o er det rommegraut, netup no i dei seinare aat hende det aat dei istella før grautkjem med ei god kake.

4.

Dei kom paa barselsvisitt fraa 3- 9ende dagen, men no ha jordmoran nekta dei o koma so tile, so dei dryje jamnast te kjerinje ha kome upatt o no bejynne dei o staa upp lite trea o fjarde dagen, o det jeng berre bra. Før laag dei minst 14 døgø.

5.

Hver kjering jek berre ein gaang paa visitt.

6.

Rommegraut var den vanlege sendinje.

7.

Sp. 7 fell burt daa dei berre jekk ein gaang paa vitjing.

8.

Ein stor suppetarin med kaak paa, ell før eit fint stort rosute fat, det vart sett i ei fin "sendingskørv" som berre vart bruka te sending i barsel, brullaup o begravelsa. i grannebygdan lenger uti dalen som Sigdal o Eggedal vart det bruka nokon fine treambera te grauten, men i Numedal var det nesten altid bruka som ovenfør skrivi.

9.

Nei det var berre graut som vart kalla graut, kom dei ned ei fin kake so kan de veta aat dei kalla ikkje den før graut.

10.

Det var kona sjøl som maatte gaa i barselsvisitt, dei jek ikkje ann o sende dottere ell tenesjenta. Det maatte daa einaste gå an om kjerinje sjøl laag sjuk.

11.

Mannen følgde aldri med paa barselsvisitt.

12.

Sendings folke skulde altid ha traktering. Det var bakels o kaffe, enten det var gut ell' jente som var født.

13.

No kalle det slike smaa gjestebø før "barselsvisit", før sa dei åt ~~dei~~ "jekk mæ barselsgraut", andre sa, "aa der jekk vist ei grautekjerring", naar dei saag nokon som kom te ell' ifraa slikt eit hus.

14.

Alle "grautekjerringan" fekk traktering med det samre dei kom te barseldkjerinje, so det vart aldrig helle noko lag før dei ettepaa, naar barseldkjeri ^m_r var uppe att.

15.

Det var berre te gifte mødre dei jekk med barselsgraut.

16.

Skikken med ~~ikkje~~ altid o bruke graut te sending er det omkring 20 aarsea den vart ~~almindelag~~ ^{slutt paa}. Blomster er det ikkje so almindelag aat dei sende no heller. Det er før laangt te noko gartneri her, o paa vintertid ha dei ikkje noko viare bloma her heller.

17.

Dei hadde ikkje med nokon gave te den nyfødte når dei kom paa barselsvisitt, men ein tur ettepaa sendte ell' kom dei med ein liten ting, helst te slike familia der det var godt bruk for det. Te folk som hadde god raad var det som det ikkje rektig høvde.

18.

Det er likeins no som i spursmaal 17.

19.

Før vart det ikkje helle daapskalas, det er felt sjella ~~ne~~ m no me.

20.

Noko sers navn ha dei ikke paa slikt eit lag dei si berre aat dei "var i barnedaap".

21.

Ingen sendte sending te slikt ei litelag .., o nokon sers mat brukas ikkje

22.

Sp. 22 fell burt, daa ingen sendte sending te eit barnedaapslag.

23.

Var nokom med i eit barnedaapslag hadde dei tiast, ja vel ~~altid-men~~ eit ell' ana klesplagg te den nyføtte,

o karan hadde altid med seg peng, "so han (ho) ha noko o begynne med", vart det sagt.

B. Fødselsdag.

24.

Fødselsdagene a) for barn, b) for voksne ^{vard} mindre feira i eldre tier . 25.

Fødselsdag for voksne folk blir helst huksa paa ved runde tal. 26.

Ikkje nokon vert budne te slike lag, høkken som vil kan koma. 27.

Det er mest almindeleg ~~aat~~ vil eit heilt grannelag koma, so slø dei seg isamen o kjøpe ein present, o er det nokon utom grannelaje som vik væra me, so finne dei paa noko sjølve , ell dei je peng der dei tru det passa bære- eli dei ikkje kan finne paa noko - .

I eldre tier brukar dei ikkje nokon bestemt mat ~~le~~ slike lag. 28.

No ska det væra sjokolade ell kaffe kingle eli blautkaku, o lys bli plasert paa bordet ettersom dei æra gamle te. Men det er almindeleg o ein kan sea fast regel- aat gjesterne tek med seg kaker sjøl, o ska det væra rek- tig morosamt , o dei vil i lag te eldre folk som dei ik- kje vil bry med noko, so samlas alle fremmenan ~~jaa~~ ein taa grannan. So ha dei laant med seg ein diger kaffekjelle fraa neraste ~~o~~ngdomshus , so koke dei kaffe jaa grannin , o so tek karan kaffekjelen meljom seg paa ei saastaang som dei bæra paa øksle som ein vassaa, dei gaa fyry , so kvin- folkje som bær kakun-osso heile laje , mest som eit 17de maitog - berre kaffekjel istellafør flagg-, dei komma inn i huse , alle gratulerar den som har aarmaalsdagen, kjerinje ell mann. So servere kvinfolkje , oso bli husens folk bee tebords. Det er dei morosamnaste laje . Osso ha dei ei vise med , (som bære meg, eg før det meste maa diktet enten eg har noko o sea ell ikkje'). Ja so her i Uvdal daa. om dei brukar den skikken lenger uti dalen veit eg ikkje. Det er no fyrt dei siste 20-25 aare dei ha brukar det sist nevnte slaks lag her i Uvdal me. Men dei ha sliji godt ann.

C. Komfirmasjon.

30.

I eldre tier vart ikkje komfermasjon feira her i dalen.

31.

Konfermasjonslag kom i bruk før ca. 20- 25 aar sea.

32.

Lærarem o presten bli no bee i slike lag, men dei kan no berre væra paa ei stelle den dagen. Førreisten bli nere sjyllfolk o venner bedde.

33.

Sending bli aldri sendt til slike lag, har aldri vore bruka.

34.

Dei som er bed te laje har med seg enten peng ell' ein ann presang. Dei som ikkje er bedde til laje sende ingen present. Men kort o telegrammer bruke dei no o sende dei som kjenne komfirmanten godt, o no i dei seinare aar har nesten alle komfirmantan begyndt o sende kort te einan paa dagen.

35.

Nokon sersrett ell' kaker bli ikkje bruka te komfermasjonslag.

D.Bryllup.

36.

Noko slikt som festarølbli ikkje brukano, om det vart bruka før ska eg netup no spørje ei gamal kjerring her i grannelaje etter.

Men det er ei gamal skikk som var her i ~~Uvdal~~ Uvdal som høre med til detta her: Slikt som forlovelsa skulde gaa so hemmeleg før seg, iser naar dei skulde skrive lysning. ~~Xxxix~~Uvdal er anneks til Nore, soleis har me ~~aldr~~ aldri hatt presten buanes her, o te Nore prestegard er det $2\frac{1}{2}$ mil.. So det var far-som var klukkar i Uvdal-som skreiv alle lysninga for folk som skulde gifte seg. ~~(1863-1894)~~

No har eg nettop snakka med den gamle kjerenga ho si at noko slikt somfestarøl aldri har vore i bruk her, o noko slikt som forlovelse vart aldri snakka om, men naat to vart forlikte om o gifte seg var det om aa gjera aa faa med seg fat og bror te brure, osso bar det avste seint

Det var gitt et abode i jobben og
ta ein kvellte klukkaren foraa faa skrivi lysning, o kluk-
karen var farmin -Andreas Samuelsen fraa 1863 - 1894.
Naar det kom to slike kara viste far haa det betydde, o
da vart menongan jaagaa utti kjoskenet te mor me streng
ordera om o halle kan fraa skulstugu, (fars kontor).
Lysinje vart skrivi o far vart bedd om ikkje o snakke
om dette. Det vart lyst fyrste gaang anten i Nore eli
"ein Uvdal kyrkje, det vart lyst tri gaangu den tie.

Nært far te brude o bror hena kom heim at fraa far gay
guten jenta ein ring - glatt gullring uta navn i- sjøl
hadde han ingen. Om ho hadde faat ringen før, so sette
ho den ikkje paa før den kvellen etter lysninje var skrivi.

Ja slik var det før i eldre tier, guten maatte vare seg
like te han vart gift, før i eit ubevoka øngneblikk
resikerte han o faa eit kraftig slag akslemeljom, so han
mest mista pusten. Det var "festardonken" dei kalla. Det
betydde: "Gratulere hjarteleg", men det kona vara hart nokk.
Dette er det slutt paa ho. Mest 40 aar sea førlova dei
onge seg som no. "Festardonken" er ikkje gutan trygge ref
før enda, men det er ette lysinga - som no berre har vore
eingaang dei siste 50 aara. -

38.

Maten i fleire dagers bryllup var:

a) 8 faste maaltier i eit to dages bryllup.

b) Med det samre dei -gjesterne- kom fyrste brullaups-

dagen maatte dei kjøre iseg eit stort smørrebrø med svart
emmasse smør paa ar ei og ei smørskrape var slagt paas.

"kakubryne" - som er rette navnet-slik at det minnet om
rendan i ein pløigd aaker som ikkje er harva. Etterpaa

"Jek olaskaale ront fraa kjeft te kjeft" - ikkje nok de onder

aat det var mykje tb. i dalen i den tielike det siste

aarhondre begynte, no er det heilt slutt paa sjukdommen.

- Jaenej dem etnibnea eibneja ieb saevstygde et jafn rist av det

So bar det tebords te kling & kaffe.

So bar det te kyrkja o etter heimkomsten var det "bruregrauten som jekk av stabelen. Etter den skulde ein "eta ette" som dei kalla, daa vart det send ront lefskling.

So jek ølskaale ront bordet att, so jek "bemann" med eit vinglas o sjenkte fyrst brur o brudgom, so jek samre glase ront bordet o vart fylt i førhør mann ell kvinne ~~Kvinnfolk måtte bera sivid mat på kglas.~~ som drakk. So var det pons osso kvellvålsom var sterk te, ~~& av vanlig burrmal~~

Neste dag kom folka lidt seinare so dei sløifa "kakubryne" so aat dei te dugurds Risengrynsvelling med kling aataat.

Te meddegs va det lutefiskmed sot gvit saus paa , kling te "ettemat" o kling & te tekvels.

c) Til kvart bryllup høirde bruregrauten med-fyrste dagen o lutefisk den andre dagen, men dei seinare aar vart det kjøt istellafor fisk.Ja det er sant , te kvart maal som kling vart bruca te bisk ell kvellverd, vart det sett fram store talerkener med "steike" som ligna longemos, men av fint ophakka kjøt . Paa bordet sto det alidd 3 smørstaup med eit heimesteikt brod opstilt paa to kanter av smørstaupe~~ny~~saa dei som ikkje likte eller taalte kling sjøl sjerte seg av "eit kakubryne" osso sette dei brøset paa plass att.

d) fell burt det var ikkje noko sers programm som høvde.

39.

Ei gill klingesending skulde vera paa 12 kast-48 klinger.

40.

Det vart aldri sendt paasmurt mat som sending.

41.

Bemannen samla aldri inn kjøt naar han ba te bryllups.

42.

Sending var og bli~~kalla~~ "sending".

43.

Vær det te bryllups dei skulde ha sending so tok sjølve-folkje sendinje med seg sjøl , naar dei reiste te bryllaue.

44.

Det var helst te begravesa dei sendte sendinje med tenest-

jenta ,Ell' dottere i huset. Kom nokon med sendigkvellet
før eit brullaup skulde dei sjølsagt ha traktering, noko
sers navn paa den kvellen hadde dei ikkje. Sendingskvellet
vart det stendo kalla. Men den trakterinje fek aldri navn
som "fest".

45.

Det vart ikkje sendt nokon snakebit heimatt
den kvellen .Det var siste kvellen naa ~~gj~~jestin reiste
heimat.

46.

Det var kokka som sto for maten, og heimsendiga
sørde ho før etter ordre faa høgare hald. Noko navn hverken
paa den som sørge for det eller "heimatsending" var navn
som ikkje eksisterte . Slikt jek før seg i stilheit paa
kjøkenet ell' der deihadde matbue før det nøve.

47.

No helt ingen fleiredags bryllup, det vart det slutt paa
for 40- 50 aar sea.

48.

Det er sometier dei halle brullaup paa hotell ell' der
det er ein rommeleg kafe o faa leigd. Her i Uvdal har det
no dei seinare aar vorte "paa mote" o halle brullaup paa
ein taa seterhotell, men daa maa dei helst væra godt
kjend med innehaveran av seterpensjonatet, for det er tit
dei ikkje ha betjening meir ell' te dagleg bruk. Brurepare
vije daa i Uvdal kyrkje so dreg heile følje tefjells i
bil o kjem att i 49. dei smaa timentemmeleg slappe.
Det er ikkje so sjella at dei onge reise te byen o vije
naar dei ikkje vil ha noko sers bry heime.

50.

Bryllupsgaver maa dei nok forlise hvis dei reise til
byen o vije , daa er det nøk berre slegtinga som hukse
paa dei.

o/o 51.

Ingen helt fest paarsdagen te brullaupet her i Uvdal iallefal
har ikkje høirt om de uti dalen hell. O det er fyrt i det
siste 50 aara dei tok til me sølv o gullbrullauper, no er
det datosikkert.

E. Gravøl.

52.

Gravøl kalle heile Numedal for Likfæl . Dei som bli bedde
er grannelaje o slektningan.

53.

53.

Inte for ca 40 aar sea varte ei likfæl 2 dage her i Uvdal. I Nore 3 dage, o reisten utaaver dalen to døge. Det var likesom noko gamal "adel" i Nore som altid skulde væra aaver Uvdølingani den til daa me var eit herred. Dei hadde større hus der i Nore fleire steinell' i Uvdal, I Nore var det likesom nokon repp som skulde vise seg lite. No etter befolkningen der vart heilt upblayda med fremmen daa jernbanen o Nore kraft vart bygd, vart det slutt paa slike "storlæte". Her i Uvdal var alle meir like.

No l laang tid hadde det vore 1 dags likfæl heile dalen utaaver.

54.

Maten var mest den samre som i eit brullaup, berre med den forskjell aat den tid det var 2 døges lifæl her i Uvdal aat dei grynvelling o kling te dugurs fyrste dagen o høst ell fisk te meddags. O andre dagen var det rommegraut te dugurs før dei drog te kjerkjegarden. Seinare var maten den samre. No etter dei tok te med dags liferd, er det rommegraut te dugurda (folk kjem kl lo o fer øl, kaffe o kaker o jeng so like tebords med ein gaang.) Te meddags er det mest uksesteik o diverse, kaffe o kaker, (doser) seinare paa ettermeddagen. No er det vanleg at dei etterpaa takkfør se o gaa heimatt, men det er sommestaer aat dei endeleg ska eta kvellvål før dei reise, daa er det te, mjølk eli kaffe før dei som vil, kling, smørretrø og kjøtkaker m.m.m. Meddagen bli servert ve laangbord o deserens ette meddagen helst ved smaabord ell der dei finne sitteplasser. Daa førsyne dei seg sjølve.

55.

Nokon sers mat som ikkje ~~harongatkjennetomtmarkje~~ burde serveras ved begravelsa har eg ikkje høirt om, men eg har aldri høirt at blomat i nokon form har vore brukta hell, so eg antar sikkert aat den slags matt vilde vore rekna som ufylseleg ved slike høve, men det har aldri vore omsnakka.

56.

Hovedmaaltidet var sjølsagt meddagen, men noko sers navn vart aldri snakka om paa noko maalti.

57.

No leije dei øngdomshus ell komunelokale er det førlite rom i heimente likfæle, men det er berre dei siste 50 aare, Det var utrule høss dei greide seg i maange taa dei smaa stugun, det var før her i Uvdal. . Dei hadde 3-4 bordsett-tinga te meddags o dei andre maale, o det tok ei førferdele laang tid med kvart maal , so det vart laangt paa naatt før dei vart ferdige med kvelvælen, men det spaaraa no ein masse arbei aat dei ikkje hadde all glaspussinje o talerkvasken som no er. Te rommegraut o grynvelling sette dei berre 3 fatt paa det smale laangbordet. , osso aam me taa samre fate fraa begge siu av bordet so laangt me naadde te det , dei andre aat taa neste fate , slik var det allestann i den tie. Sovitt e kan hukse hadde me hør kann mjølkekøpp solaangt atende e kan hukse, o e o mor o dei andre 6 sysjinan mine var med i begravelsa fraa e va 4-5 aar- no er eg 74-, for far "sjela før likje" i alle likferd i heile skulekredsen, o daa rekna dei det før ein førnermels hvis han ikkje tok med seg heila bølingen sin, menjamen var det moro mæ, e maa læ nær e tenkje paadet aat det jekk bra, ingen taa kan vart sjuke endaa me es tøskeskallan sovel som far o mor (endaa dei var sørldinga) drakk taa samre skaale som jekk fraa kjeft te kjeft, men far hadde det med det han, aat Gud skulde bevare organ hass, o det fek' n rett i .

58.

All sending te likferd vart Aendt kvellen før likfæle. Det var fløite o nysila mjølk, o den maatte køkken ha kvellen før.

59.

Daa det verre var mjølk o fløite som vart sendt so fell pabkinje av malvarum bursk

Det vart ikkje noko kallas o kalle den kvellen dei kom med ~~sendingan~~
med sendingan, det bli berre traktert med kaffe o kaker.

Grannan som skulde gaa me sendinje "gjorde motlag" som
me si, so dei kom helst so maange dei kona paa ein gaang,
so vart det mindre bry før dei som tok imot sendinje .

61.

Det var ingen førsjell paa sendinje enten den avlidne
var gift ell' ugift.

62.

Her i Uvdal jek overgangen til ein dags likfæl for
seg paa den maatin, at daa rette mor mi døide i 1899, sa
far aat han vilde ikkje følje bygdeskikken. Han vilde ha
berre ein dags likfæl etter mor . Etter den tid jek det s-
~~ekslag~~ i slag , før nør Samuelsen hadde brøte skikken, so
vart ikkje dei andre hell ute før kritikk. De veit det var
slik i bygdan før, aat læraren o klukkaren i bygdelikesom
hadde meir o sea i slike spursmaal ell andre.

Eg vil i samband med detta førtelja aat det fans
ikkje ei einaste kvitmaala likkiste i Uvdal før far si
i september 1909. Det høvde seg slik aat far min sa til meg
nokon viku før han døde, aat skulde han eingaang ha ei lik-
kiste skulde no væra kvit. Det høvde ikkje før ein kristen
o liFFE i ei svart kiste ,det skulde ikkje væra nokon sorg
aat ein kristen fek reise heim.

I den tie maatte me sjølve faa ein snekker te o
laga kiste, det var ikkje noko lager daa, so maatte eg
seia te snekkeren at han maatte maalaa kiste kvit, for far
vilde ha det so. Han vart noko førondra, men gjorde som e
sa. Daa folk var i likfæle hass, syns dei det var so fint o
trivelego meinte paa aat ei svart kiste skulde ikkje bli
i Uvdal meir , detta vart spurd utaaver heile dalen o
alle kistu vart kvitmaala. Kjere far , du hadde vist aldrig
gjort fordring paa o bli nokon moteherre, men du vart det

no lel.

63.

No kjøpe dei maltol istella før heimebrygg.
64.

Ja det er sikkert at heimebrygging og sending harholt seg ~~lange~~
langer vedlikfæl end ve andre gjestebø.

65.

I sp.54 har eg gjort so greit rede paa matsedlen i ei
likfæl notedags aat det er unødig ø ta det upatt.

66.

Det er mindre alkohollforbruk ved likfæli no ell før,
Det har førreisten aldri vore noko viare med alkoholl
ved likfæl før heller ~~helt~~ ^{ibye} Uvdal, ja vist i heile dalen,
for det jek ikkje an om ein mann var aldri so gla i sterkt.
aat han drakk se fuul i ei likferd, han vilde blitt ~~omse~~
snakka i aarevis ettepaa. Det var ein mann som drak se
full i likfæle ette mør si, o jamen hukse dei navne paa
mann enda han sjøl ø dau før 30 aar sea, o mor has før
40-50 aar sea. 67.

Dei kan faa begravelsesmeddag paa hotellan ved
Rødbergpaa to maata enten bestille so o so maange porsjona,
ell' skaffe kjøt o det meste sjøl, o betale for arbeie
o betjening. 68.

Her i Uvdal ha dei bemann no som før, men
utaaver dalen har dei nok bruka skriftleg innbjoing mest i
1 20 aar. 69.

O avertere dødsfall i avisø har vore bruka minst i
35- 40 aar.

F. Fester. (nye)

70.

Nokon sers mat 17de mai har eg ikkje høir ha vore omrødd

71.

Ca. 15 aar sea begynte dei o feire morsdagen her i
Uvdal iallefall. 72.

72.

Farsdagen har aldri vore feira här endaa.

73.

Te morsdagen trur eg dei lager fastelavensboller, men
farsdagen er endaa burtgløimd.

74.

Nei, bakeren paa stedet (i Nore) baker det han faar besti
bestilling paa, han har ikke enda klekket ut noen ide ~~tror jeg.~~

Trur eg.

75. Mors og farsdagen ble kjendt her gjen
gjennom ~~pressen~~.

XXXXXXXXXXXXXXXXXXXX